



Alle kommunar v/ kommunedirektør

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hilde Ordemann, 5557 2212

Barnevernsreforma – ei oppvekstreform

På bakgrunn av barnevernsreforma skal det frå 2022 skje endringar i kommunane sitt arbeid med utsette barn og deira familiar. Statsforvaltaren vil gjennom året ha reforma som tema både i møte, på konferansar og i annan kontakt med dykk.

Barnevernsreforma regulerer først og fremst barnevernet. Måla i reforma vert likevel berre nådd gjennom endringar i heile kommunen, og særleg i oppvekstsektoren. Samla sett er barnevernsreforma difor i realiteten ein oppvekstreform, der kommunane legg til rette for tverrfagleg samhandling mellom ulike kommunale tenester og nivå. Målet er at fleire utsette barn og familiar får den hjelpa dei treng på eit tidleg tidspunkt. Målretta, førebyggjande tiltak og tidleg innsats frå alle tenester med ansvar for barn i kommunen, vil ha stor verknad for at reforma skal bli vellykka. Ein god forankring av reforma både i den politiske og administrative leiinga av kommunen er sentralt.

Reforma flyttar ansvar frå stat til kommune og gir kommunane eit større ansvar for hjelp til utsette barn, både fagleg og økonomisk. Dette stiller krav til leiinga i barnevernet, og i kommunen. Bakgrunnen for å flytte meir ansvar til kommunane på barnevernsområdet, er dykkar nærleik til familiane og innsikt i barnas og foreldras behov.

Endringane skal samla sett gje eit betre tenestetilbod til barn, slik at flest mogleg barn kan få tilpassa hjelp. Endringane vil gje kommunane sterkare insentiv til å jobbe førebyggjande. Auka økonomisk ansvar vil bli kompensert gjennom auke i rammetilskotet.

Med barnevernsreforma får kommunane auka finansieringsansvar for tiltak i barnevernet. Mellom anna vil kommunane sin eigendel til statlege barnevernstiltak auke. Dei konkrete eigendelane for statlege tiltak vil bli fastsett i samband med statsbudsjettet for 2022. Som ei førebuing vert de oppmoda til å sjå på eigen tiltaksbruk.

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege
Dokumentet er elektronisk godkjent

Anne Hjermann
utdanningsdirektør





Mottakerliste:

Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Gløppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES



Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO